

Mitt idrettsminne

Holmenkollstafetten 11.mai 1980

Eg skulle springe 7. etappe frå Besserud og ned til Gressbanen, ein etappe på ca. 1500 meter som stort sett var nedoverbakke på asfalt. Eg fekk pinnen av Terje Aurdal, som tydeleg hadde gjort ein god jobb saman med dei som sprang tidligare, for vi låg bra an i vår klasse så langt. Eg la naturlegvis ut så fort eg kunne og heldt brukbart unna, men blei forbiløpt av nokre få løparar fram til veksling.

Når eg kom og skulle veksle med Nils Fet, var han ikkje å sjå i vekslingsområdet og eg begynte å rope på han, til inga nytte. Då var det ein tilskodar som kom med ein stol som eg kunne stå på for å få bedre oversikt. Eg vinka hektisk med pinnen samtidig som eg ropte: Nils, Nils ! Men ingen Nils dukka opp. Det som eg kom til å tenkje på etterpå var om dei trudde eg ropte pils, pils, for dette såg då litt komisk ut. Dei trudde vel det var ein tørst bondegutt som var ute på byen ein tur?

Skikkeleg sliten. Ja, der stod eg då og ikkje visste heilt kva eg skulle gjere heilt til einkvan ropte til meg at eg måtte berre springe vidare sjølv, så då var det å ta fatt på neste etappe. Då først merka eg kor stiv eg hadde blitt etter den lange etappen med nedoverbakke. Heldigvis var ikkje denne etappen lengre enn ca. 800 m., men den følte som eg skulle springe minst det dobbelte. Når eg nærmar meg veksling så høyrer eg nokon som seier at her må vi rydde plass, for her kjem ein som er skikkeleg sliten. Fekk så endeleg levert pinnen til Pål Rune Fet som stod og trippa og ikkje forstod heilt kva som hadde skjedd når det var eg som kom og ikkje Nils. Pålemann la ut i eit forrykende tempo, som han brukar, for å ta att mest mogeleg av det tapte.

Det var ikkje lenge etter eg var ferdig med etappen før Nils dukka opp, heilt forskrekka, og kunne fortelje at klokka hans hadde stoppa medan han var i full gang med oppvarminga og ikkje oppdaga det før det var for seint. Han var veldig lei seg og syntest dette var trasig.

No er dette ca. ¼ hundre år sidan og eg ser tilbake på dette som eit morosamt minne, og det er eg sikker på at også Nils er einig i. Det er klart at akkurat då var det surt for han, men dette er ting som kan skje med oss alle og dette var no kun ein stafett som skulle springast, og vi kom då godt i mål og hadde mange lag bak oss på resultatlista, så dei hadde nok sprunge bra dei som sprang etappane etterpå òg.

Gratulerer med 100 år til Velledalen IL.

Med helsing
Ivar Flo